

Møtebok 11-23, Lykling sokneråd 08.12.23

Dag: 08.12.23 Tid: kl 19:00 Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Hildegunn L. Stautland, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen, Sissel S. Gåsland, Elisabeth Holme Grønnevik

Vara: Ingen vara

Roald opna møte med å fortelja ei historie.

Saksliste:

Sak 85-23 Godkjenning av referat og innkalling

Roald hadde ikkje fått innkalling. Ingen merknader til referat.

Sak 86-23 Meldingar og skriv

Silje delte ut referat frå møte i Estlandskomiteen.

Sak 87-23 Ny sokneprest

Det er komen inn to kvalifiserte søkjarar til stillinga. Intervju er sett opp 11.11.23 der det eine er på teams og det andre i Bergen. Hildegunn reiser til Bergen.

Bjørgvin bispedømme har sendt ut skriv om intervju og prosess, der dei berre har kalla inn Bømlø sokn. Her har det skjedd ein feil og Silje tek kontakt med prosten og bispedømme. Begge sokneråda skal vera med på intervju, og i etterkant bli einige om kven som skal representera begge sokneråda i vidare prosess.

Sak 88-23 Offerliste våren 2024

Sissel delte ut forslag til offerliste, som ho og Roald hadde utarbeidd. Det var to opne datoar i lista, som soknerådet kom med forslag til og vedtok:

07-04-24: Misjon utan grenser

28-07-24: Mercy Ships

Offerliste Lykling sokn våren 2024

14.01 kl 16.00	Heilagetrekongarsfest	Kyrkjelydsarbeidet	
21.01 kl 11.00		IKO	
04.02 kl.11.00		Bjørgvins bispedøme misjonsprosjekt på Cuba	
18.02. kl 11.00		Kirkens SOS	
03.03. kl 19.00		Kyrkjelydsarbeidet	
17.03. kl 11.00		Åpne Dører	
29.03. kl 11.00	Langfredag	Ikkje offer	
01.04. kl.11.00	1.påskedag	NMS	
07.04. kl.11.00		Misjon uten grenser	
25.04. kl.19.00	Konfirmantgudsteneste	Kirkens nødhjelp	
12.05. kl. 10.00	Konfirmasjon, Bømlø Gospel	Kyrkjelydsarbeidet	
12.05. kl.12.00	Konfirmasjon, Bømlø Gospel	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05.kl 12.00		Søndagsskularbeidet	
26.05.kl 11.00		Tro&Medier	
09.06.kl.11.00	Skaparverket sin dag	Diakoniarbeidet	
28.07.kl.11.00		Mercy Ships	
25.08.kl 11.00		Brandøy	

Sak 89-23 Ymse

Ola Ersland har sin siste dag som klokkar julafta. Soknerådet ynskjer å gje han ei gåve, og Lillian tar på seg oppgåva med å kjøpa inn.

Julekonsert i kyrkja 10.12 – Sissel er vertskap

Møte med banken – Sissel og Silje har hatt møte med banken, og jobbar med å få på plass bedriftskonto. Dette er noko alle sokneråda skal ha etter kvart.

Estlandskomiteen – skal ha konsert i Bremnes kyrkje 17. februar

Matkassen – soknerådet har tidlegare støtta matkassen, som er eit samarbeid med Hjartespira Bømlo og Bømlo frivilligsentral med kr 5000. Soknerådet vedtok å støtte med same beløp i 2023.

Møte blei avslutta med «Vår Far».

Neste soknerådsmøte er 03.01.24 kl 1900 i Lykling kyrkje.

Referent: Elisabeth H. Grønnevik